



Hjelmeland kommune  
v/rådmannen

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## VELKOMEN TIL EIGENVURDERING

Hjelmeland kommune vart invitert og har takka ja til å delta i eigenvurdering av arbeidet med sosiale tenester til unge mellom 17 og 23 år. Målsettinga med eigenvurderinga er at kommunen skal vurdere sin eige praksis, for å undersøkje om arbeidet med dei sosiale tenestene opplysning, råd og rettleiing samt økonomisk stønad til personar mellom 17 og 23 år, skjer i samsvar med lova sine krav. Fokus skal rettast mot tilgjengeleight, tildeling og oppfølging av tenestene.

Målet med eigenvurderinga er at kommunen skal få eit godt grunnlag for å drive forbetningsarbeid i eigen og Nav-kontoret sin praksis der det vert avdekt behov for det.

Dei overordna spørsmåla som kommunen skal finne ut av ved gjennomføring av eigenvurderinga, er følgjande:

1. Avviser vi unge mellom 17 og 23 år som har rett til å få vurdert om dei har krav på opplysning råd og rettleiing eller økonomisk stønad?
2. Kartlegg vi godt nok slik at vi kan vere sikre på at unge får tenestene opplysning, råd og rettleiing samt økonomisk stønad dersom vilkåra i dei aktuelle paragrafane er oppfylte?
3. Får alle unge som søker om økonomisk stønad, informasjon om og oppmoding til å søkje om tenesta opplysning, råd og rettleiing?
4. Følgjer vi opp unge mellom 17 og 23 år som mottar tenestene opplysning, råd og rettleiing samt økonomisk stønad, på ein god måte?

Aktivitetane knytt til eigenvurderinga er i korte trekk følgjande:

- De har no motteke materiell til eigenvurderinga. (Dette brevet med fire vedlegg.)
- De peikar ut dei som skal arbeide med eigenvurderinga internt i kommunen og i Nav.
- Deltakarane les rettleiingsmateriellet, som er lagt ved. (Vedlegg 1–4)
- De deltek på eit oppstartsmøte som Fylkesmannen inviterer til.

- De går gjennom eit visst tal saker ved hjelp av sjekklista som er lagt ved. (Vedlegg 1)
- På grunnlag av gjennomgangen av sakene og kunnskap om praksis elles vurderer de dykkar eigen praksis ved hjelp av eigenvurderingsskjemaet. (Vedlegg 2)
- De konkluderer om praksisen dykkar er i tråd med lov- og forskriftskrava som gjeld på dei undersøkte områda. Eventuelle lovbro og årsakene til lovbroa skal gjerast greie for. (Vedlegg 3)
- Det vert utarbeidd plan for retting der det er konkludert med lovbro.
- Eigenvurderingsskjemaet, eventuelt skjema der lovbro og årsaker er gjort greie for og plan for retting skal sendast til Fylkesmannen.
- De deltar på sluttmøte som Fylkesmannen inviterer til.
- Fylkesmannen følgjer opp eventuelle lovbro på vanleg måte.

Vi ber altså om at de peiker ut deltakarar til å arbeide med eigenvurderinga i kommunen og Nav. Det er ønskeleg at leiarar og medarbeidarar som på ein eller anna måte utfører arbeid med sosiale tenester til personar mellom 17 og 23 år, deltar.

Første trinn i eigenvurderinga er å gå gjennom utgreiinga om kommunen sine plikter knytt til å tilby og yte tenestene opplysning, råd og rettleiing samt økonomisk stønad til personar mellom 17 til 23 år (vedlegg 4). Vi ber alle (eller så mange som råd) som skal delta i eigenvurderingsaktivitetane, om å lese denne rettleiinga.

Andre trinn er å gå gjennom eigne enkeltsaker for å sjå om sakene er handtert i tråd med lova sine krav. Ved gjennomgangen nyttar de sjekklista som er lagt ved (vedlegg 1). Kor mange og kva type saker som skal gjennomgåast, går fram av vedlegget. Det skal fyllast ut eitt skjema for kvar sak.

Deretter går de gjennom sjekklistene og vurderer om behandlinga av sakene er tilfredsstillande, eller om det er område der de ser at de systematisk og gjennomgåande ikkje oppfyller lova sine krav.

Fjerde trinn er å bruke kunnskapen frå gjennomgangen av sakene og kunnskapen om praksis elles og vurdere eigen praksis ved hjelp av eigenvurderingsskjemaet (vedlegg 2).

Dersom de etter eigenvurderinga finn at praksis ikkje er i tråd med lova sine krav, skal de freiste å finne årsakene til at det sviktar. Ein gjennomgang av styringspraksis (internkontrollen) på området kan da vere eit godt hjelpemiddel. Styringskrava er gjort greie for under dei enkelte kapitla i vedlegg 4. Årsakene til at det sviktar vil da vere forhold som må rettast.

Dersom det vert konkludert med lovbro, skal det utarbeidast ein plan for retting. Planen skal sendast til Fylkesmannen saman med eigenvurderingsskjemaet (vedlegg 2) og skjema der lovbro og årsaker er gjort greie for (vedlegg 3). Også om det ikkje er konkludert med lovbro, skal eigenvurderingsskjemaet sendast til Fylkesmannen.

Dersom det er konkludert med lovbro, vil fylkesmannen følgje opp kommunen sitt arbeid med å rette forholda inntil desse er brakt i orden.

Resultata av eigenvurderinga er tema på sluttmøtet.

Det er ønskeleg at kommuneleiinga er representert på oppstarts- og sluttmøtet, i tillegg til nav-leiar og aktuelle medarbeidarar.

**Dato for oppstartsmøte: 15.09.15**

**Frist for gjennomføring av eigenvurderingsaktivitetane er: 16.10.15**

**Frist for å sende dokumenta til Fylkesmannen er: 05.11.15**

Med helsing

—  
Pål Iden  
avdelingsdirektør

Torunn Salte  
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Torunn Salte  
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 73  
E-post: fmrotsa@fylkesmannen.no

#### **Vedlegg:**

1. Sjekkliste
2. Eigenvurderingsskjema
3. Utgreiing av lovbroter og vurderingar
4. Kommunen sine plikter knytt til tenestene opplysning, råd og rettleiing samt økonomisk stønad

Kopi til:  
Nav Hjelmeland